



Levekårsundersøkinga 1996-1998

Noregs offisielle statistikk

I denne serien blir det hovudsakleg publisert primærstatistikk, data frå statistiske rekneskapssystem og resultat frå spesielle teljingar og undersøkingar. Serien har først og fremst referanse- og dokumentasjonsføremål. Presentasjonen skjer vesentleg i form av tabellar, figurar og naudsynt informasjon om datamaterialet, innsamlings- og arbeidsmetodar, samt omgrep og definisjonar. I tillegg blir det gitt ei kort oversikt over hovudresultata.

Serien omfattar òg publikasjonane Statistisk årbok, Historisk statistikk, Regionalstatistikk og Vegvisar i norsk statistikk.

Official Statistics of Norway

This series consists mainly of primary statistics, statistics from statistical accounting systems and results of special censuses and surveys, for reference and documentation purposes. Presentation is basically in the form of tables, figures and necessary information about data, collection and processing methods, and concepts and definitions. In addition, a short overview of the main results is given.

The series also includes the publications Statistical Yearbook of Norway, Historical Statistics, Regional Statistics and Guide to Norwegian Statistics.

© Statistisk sentralbyrå, april 2002
Dersom materiale frå denne publikasjonen blir nytta, ver vennleg og gi opp Statistisk sentralbyrå som kjelde.

ISBN 82-537-5042-0
ISSN 0800-7233

Emnegruppe
00.02 Levekår

Design: Enzo Finger Design
Trykk: Statistisk sentralbyrå/770

Standardteikn i tabellar	Symbols in tables	Symbol
Tal er umogleg	Category not applicable	.
Oppgåve manglar	Data not available	..
Oppgåve manglar førebels	Data not yet available	...
Tal kan ikkje offentliggjera	Not for publication	:
Null	Nil	-
Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	Less than 0.5 of unit employed	0
Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	Less than 0.05 of unit employed	0,0
Førebels tal	Provisional or preliminary figure	*
Brot i den loddrette serien	Break in the homogeneity of a vertical series	—
Brot i den vassrette serien	Break in the homogeneity of a horizontal series	
Desimalskiljeteikn	Decimal punctuation mark	,(,)

Forord

Statistisk sentralbyrå legg i denne publikasjonen fram resultat frå levekårsundersøkingane 1996-1998. Publikasjonen har som formål å gje ei oversikt over dei viktigaste sidene ved leveåra til befolkninga. Publikasjonen kastar lys over både den totale befolkninga og for ein del ulike befolkningsgrupper. Tal og analysar frå levekårsundersøkingane er tidlegare publiserte på Internettsidene til Statistisk sentralbyrå (www.ssb.no) og i ulike nummer av Samfunnsspeilet.

Publikasjonen er utarbeidd av førstekonsulent Stein Terje Vikan og rådgjevar Arne Andersen. Førstekonsulent Trond Arild Ydersbond har hatt ansvaret for tabellkøyringane. Ansvarleg seksjonsleiar er Berit Otnes, Seksjon for levekårsstatistikk.

Statistisk sentralbyrå,
Oslo/Kongsvinger, 24. desember 2001

Svein Longva

Berit Otnes

Innhald

Tabellregister	5
1. Bakgrunn og formål	7
2. Opplegg og gjennomføring	7
2.1 Omfang	7
2.3 Utval	7
2.4 Datainnsamling	7
3. Omgrep, kjennemerke og grupperingar	8
4. Feilkjelder og uvisse	9
4.1 Innsamlings- og handsamingsfeil	9
4.2 Utvalsvarians	10
4.3 Skeivskapen i utvalet og fråfall	11
5. Bruk av tabellane	13
6. Meir informasjon	14
6.1 Annan statistikk	14
6.2 Spesialtingingar	14
6.3 Internett	14
6.4 Kontakt i Statistisk sentralbyrå	14
7. Fysisk arbeidsmiljø	15
8. Organisatorisk arbeidsmiljø	20
9. Tilknytning til bedrifter, løn og kompetanse	25
10. Helse	30
11. Funksjonsevne og omsorg	36
12. Bustadforhold for-personar	39
13. Bustadforhold for hushald	46
14. Friluftsliv, trening og mosjon	52
15. Fritids- og kulturaktivitetar	58
16. Sosial kontakt	61
Tidlegare utgjeve på emneområdet	66
Dei sist utgjevne publikasjonane i serien Noregs offisielle statistikk	67

Tabellregister

Fysisk arbeidsmiljø

1. Fysisk arbeidsmiljø, etter alder. Menn 16-66 år. Prosent	15
2. Fysisk arbeidsmiljø, etter alder. Kvinner 16-66 år. Prosent	16
3. Fysisk arbeidsmiljø. Personar 16-66 år, etter sosioøkonomisk status. Prosent	17
4. Fysisk arbeidsmiljø. Personar 16-66 år, etter yrke. Prosent	18
5. Fysisk arbeidsmiljø. Personar 16-66 år, etter næring. Prosent	19

Organisatorisk arbeidsmiljø

6. Organisatorisk arbeidsmiljø, etter alder. Menn 16-66 år. Prosent	20
7. Organisatorisk arbeidsmiljø, etter alder. Kvinner 16-66 år. Prosent	21
8. Organisatorisk arbeidsmiljø. Personar 16-66 år, etter sosioøkonomisk status. Prosent	22
9. Organisatorisk arbeidsmiljø. Personar 16-66 år, etter yrke. Prosent	23
10. Organisatorisk arbeidsmiljø. Personar 16-66 år, etter næring. Prosent	24

Tilknytning til bedrifter, løn og kompetanse

11. Tilknytning til bedrifta, løn og kompetanse, etter alder. Menn 16-66 år. Prosent	25
12. Tilknytning til bedrifta, løn og kompetanse, etter alder. Kvinner 16-66 år. Prosent	26
13. Tilknytning til bedrifta, løn og kompetanse. Personar 16-66 år, etter sosioøkonomisk status. Prosent	27
14. Tilknytning til bedrifta, løn og kompetanse. Personar 16-66 år, etter yrke. Prosent	28
15. Tilknytning til bedrifta, løn og kompetanse. Personar 16-66 år, etter næring. Prosent	29

Helse

16. Eigenvurdering av helse, etter alder. Menn. Prosent	30
17. Eigenvurdering av helse, etter alder. Kvinner. Prosent	31
18. Eigenvurdering av helse, etter sosioøkonomisk status. Prosent	31
19. Eigenvurdering av helse, etter familiefase. Prosent	32
20. Eigenvurdering av helse, etter landsdel. Prosent	32

Bruk av helsetenester

21. Bruk av helsetenester, etter alder. Menn. Prosent	33
22. Bruk av helsetenester, etter alder. Kvinner. Prosent	33
23. Bruk av helsetenester, etter sosioøkonomisk status. Prosent	34
24. Bruk av helsetenester, etter familiefase. Prosent	34
25. Bruk av helsetenester, etter landsdel. Prosent	35

Funksjonsevne og omsorg

26. Funksjonsevne og omsorg, etter alder. Menn. Prosent	36
27. Funksjonsevne og omsorg, etter alder. Kvinner. Prosent	37
28. Funksjonsevne og omsorg, etter sosioøkonomisk status. Prosent	37
29. Funksjonsevne og omsorg, etter familiefase. Prosent	38
30. Funksjonsevne og omsorg, etter landsdel. Prosent	38

Bustadforhold for personar

31. Bustadforhold for personar, etter alder. Menn. Prosent	40
32. Bustadforhold for personar, etter alder. Kvinner. Prosent	41
33. Bustadforhold for personar, etter sosioøkonomisk status. Prosent	42
34. Bustadforhold for personar, etter familiefase. Prosent	43
35. Bustadforhold for personar, etter landsdel. Prosent	44
36. Bustadforhold for personar, etter bustadstrok. Prosent	45

Bustadforhold for hushald

37. Bustadforhold for hushald, etter hushaldstype. Prosent	47
38. Bustadforhold for hushald, etter landsdel. Prosent	48
39. Bustadforhold for hushald, etter bustadstrok. Prosent	49

Nærmiljø

40. Nærmiljø, etter alder. Menn 16-79 år. Prosent	50
41. Nærmiljø, etter alder. Kvinner 16-79 år. Prosent	50
42. Nærmiljø. Personar 16-79 år, etter sosioøkonomisk status. Prosent	50
43. Nærmiljø. Personar 16-79 år, etter familiefase. Prosent	51
44. Nærmiljø. Personar 16-79 år, etter landsdel. Prosent	51
45. Nærmiljø. Personar 16-79 år, etter bustadstrok. Prosent	51

Friluftsliv, trening og mosjon

46. Friluftsliv, etter alder. Menn 16-79 år. Prosent	52
47. Friluftsliv, etter alder. Kvinner 16-79 år. Prosent	53
48. Friluftsliv. Personar 16-79 år, etter sosioøkonomisk status. Prosent	54
49. Friluftsliv. Personar 16-79 år, etter familiefase. Prosent	55
50. Friluftsliv. Personar 16-79 år, etter landsdel. Prosent	56
51. Friluftsliv. Personar 16-79 år, etter bustadstrok. Prosent	57

Fritids- og kulturaktivitetar

52. Fritids- og kulturaktivitetar, etter alder. Menn 16 år og over. Prosent	58
53. Fritids- og kulturaktivitetar, etter alder. Kvinner 16 år og over. Prosent	58
54. Fritids- og kulturaktivitetar. Personar 16 år og over, etter sosioøkonomisk status. Prosent	59
55. Fritids- og kulturaktivitetar. Personar 16 år og over, etter familiefase. Prosent	59
56. Fritids- og kulturaktivitetar. Personar 16 år og over, etter landsdel. Prosent	60
57. Fritids- og kulturaktivitetar. Personar 16 år og over, etter bustadstrok. Prosent	60

Sosial kontakt

58. Sosial kontakt etter alder. Menn 16 år og over. Prosent.....	61
59. Sosial kontakt, etter alder. Kvinner 16 år og over. Prosent	61
60. Sosial kontakt. Personar 16 år og over, etter sosioøkonomisk status. Prosent	62
61. Sosial kontakt. Personar 16 år og over, etter familiefase. Prosent	62
62. Sosial kontakt. Personar 16 år og over, etter landsdel. Prosent.....	63

Vald og tryggleik

63. Vald og tryggleik, etter alder. Menn 16 år og over. Prosent	64
64. Vald og tryggleik, etter alder. Kvinner 16 år og over. Prosent	64
65. Vald og tryggleik. Personar 16 år og over, etter sosioøkonomisk status. Prosent	64
66. Vald og tryggleik. Personar 16 år og over, etter familiefase. Prosent	65
67. Vald og tryggleik. Personar 16 år og over, etter landsdel. Prosent	65
68. Vald og tryggleik. Personar 16 år og over, etter bustadstrok. Prosent	65

1. Bakgrunn og formål

Hovudformålet med undersøkingane om levekår er å gje eit heilskapleg bilete av hovudtrekka ved levekår, og av fordelinga av levekår i folkesetnaden. Denne publikasjonen har som hovudmål å gje ei oversiktleg framstilling av levekåra i åra 1996-1998.

I 1996 vart opplegget for undersøkingane om levekår lagt om. Det vart då bestemt at undersøkingane om levekår skulle rotere omkring ulike tema, i staden for å ta opp alle tema kvart år undersøkinga vart gjennomført. Undersøkinga i 1996 tok såleis føre seg arbeidsmiljø, undersøkinga i 1997 hadde som tema fritidsaktivitetar, bustadforhold og vald og tryggleik, medan undersøkinga i 1998 tok føre seg helse, omsorg og sosiala kontaktar. Målet er at tema skal rotera slik at vi kan etablere tidsseriar for dei enkelte tema.

Publikasjonen dekkjer alle dei områda som inngår i ein syklus av levekårsundersøkingane, altså alle tema som er tekne opp i undersøkingane som er gjennomførte 1996-1998. For enkelte spørsmål som er like i desse undersøkingane og i panelundersøkinga 1997, inngår panelundersøkinga i datagrunnlaget.

Det vil ikkje bli gjeve tidsseriar i denne publikasjonen, men det er lagt vekt på å halda på tidsseriar som har vorte publiserte tidlegare. Det vil såleis vera mogleg for ein del indikatorar å gå tilbake til dømes til NOS C301 "Levekårsundersøkelsene 1995" for å samanlikna bakover i tid.

Publikasjonen skal gjera det mogleg å samanlikna dei faktiske levekåra slik dei vert registrerte på mange levekårsmaal for ein del grupper. Det er fordelingsresultatet som er i fokus i denne publikasjonen, og ikkje først og fremst dei faktorane som skaper skilnad i fordeling av levekår.

Eit viktig formål er å skildra mange sider ved levekåra. Ei slik skildring av heilskapen byggjer først og fremst på at ein for kvar gruppe gjev tal for mange ulike levekårsmaal. For det andre har ein konstruert levekårsmaal som samanfattar fleire levekårsmaal innanfor same levekårsområde, til dømes helse eller bustadforhold. Derimot er det ikkje gjort noko forsøk på å laga mål som samanfattar levekårsmaal frå fleire ulike levekårsområde.

2. Opplegg og gjennomføring

2.1 Omfang

Levekårsundersøkingane 1996-1998 omfattar personar 16 år og eldre, som var busette utafor institusjon. Utva-

let til panelundersøkinga som inngår som ein del av levekårsundersøkinga er trekt frå alle personar 16-79 år, som var busette utafor institusjon.

2.3 Utval

Hovudutvala i 1996, 1997 og 1998 var på 5 000 personar. For tabellane om arbeidsmiljø har vi i tillegg til levekårsundersøkinga i 1996 for nokre av tala også nytta panelundersøkinga 1997, som også hadde eit utval 5 000 personar. Alle desse utvala vart trekte etter den generelle utvalsplanen i SSB. I 1998-undersøkinga vart det i tillegg til hovudutvalet også trekt eit tillegg-utval på 5 000 personar. Opplysningane om friluftsliv og nærmiljø byggjer på ei postundersøking som vart gjennomført i samband med Levekårsundersøkinga 1997. Bruttoutvalet for postundersøkinga er ein del av hovudutvalet. Bruttoutvalet består av 3 500 personar. Også enkelte av opplysningane om helse i Levekårsundersøkinga 1998 byggjer på ei postundersøking.

I utvalsplanen er heile landet delt inn i eit sett av utvalsområde, som igjen er grupperte i 109 strata. Utvalsområda er kommunar eller grupper av kommunar. Kommunar med lågt innbyggjartal er slått saman med andre kommunar, slik at alle utvalsområda har minst 7 prosent av samla innbyggjartal i det stratomet området høyrer til. I ein del tilfelle er mindre nabo-kommunar til folkerike kommunar slått saman med den store kommunen til eitt område. Alle kommunar med meir enn 30 000 innbyggjarar og ein del kommunar med mellom 25 000 og 30 000 innbyggjarar er tekne ut som eigne strata. Dei andre utvalsområda er stratifiserte innanfor kvart fylke etter næringsstruktur, tettleiken på busetnaden, kor sentralt området er, pendlings- og handelsmønstre, mediadekning og kommunikasjonar. I første steg vert eit utvalsområde trekt frå kvart stratum. Utvalsområde som utgjer eigne strata er trekt ut med 100 prosent sannsyn. Dei resterande er trekte ut med eit sannsyn proporsjonalt med innbyggjartalet i utvalsområdet. I andre steg er utvalet av personar trekt tilfeldig frå dei 109 utvalsområda. Trekkinga på andre steg går føre seg slik at utvalet er sjølvvegande når begge steg vert sett under eitt.

Tilleggsutvalet i 1998-undersøkinga er trekt for intervjuing på telefon, og utvalsplanen vart difor ikkje nytta. Til tilleggsutvalet vart det trekt 5 000 personar frå heile landet. Det vart ikkje gjort til ein føresetnad for å kunna verta trekt ut at ein hadde telefon. Intervjuet til tilleggsutvalet bestod av eit utval av spørsmåla frå intervjuet til hovudutvalet. Spørsmåla vart tilpassa telefonintervju.

2.4 Datainnsamling

1996-undersøkinga vart gjennomført med ein kombinasjon av intervju gjennomførte ved vitjing og telefon. Hovudutvalet vart sett saman av fleire delutval, og dette var retningsgjevande for om intervjuet vart prøvd gjennomført ved vitjing eller telefon. Grunna lengda på

intervjuet prøvde vi å gjennomføre intervju i hovudutvalet ved vitjing. Datainnsamlinga var gjennomført over sju veker i perioden 23. september til 8. november 1996.

For ein del indikatorar utgjer datagrunnlaget i tillegg til 1996-undersøkinga også panelundersøkinga 1997, der sams spørsmål har blitt stilt. Intervjua til panelundersøkinga i 1997 vart i utgangspunktet gjennomførte ved vitjing. Telefonen vart teken i bruk der reiseavstanden vart stor eller dersom intervjupersonen elles ville ha nekta å delta. Ordinær intervjuperiode var frå 20. januar til 28. februar 1997. I tillegg vart det sett av to veker til oppfølging av fråfall, og endeleg sluttdato vart sett til 14. mars.

1997-undersøkinga vart gjennomført ved ein kombinasjon av intervju ved vitjing og telefon og ved bruk av postale spørjeskjema. Intervjuet skulle primært gjennomførast ved vitjing. Telefonintervju vart tillaten dersom IO nekta å ta imot vitjing eller dersom reisetida var lang. Intervjua vart gjennomført i perioden 22. september 1997 til 9. januar 1998. Av hovudutvalet vart det trekt eit delutval på 3 419 personar, "fritidsutvalet". Dette utvalet var samansett av personar mellom 16 og 79 år. Dei av dette utvalet som vart intervju ved vitjing fekk utdelt eit spørjeskjema og returkonvolutt ved slutten av intervjuet. Dei som vart intervju gjennom telefon fekk skjemaet tilsendt i posten.

1998-undersøkinga vart også gjennomført ved ein kombinasjon av intervju ved vitjing og telefon og ved bruk av postale spørjeskjema. Hovudutvalet vart primært intervju ved vitjing. Telefonintervju vart tillate dersom IO nekta å ta imot vitjing eller dersom reisetida var svært lang. Tilleggsutvalet vart intervju over telefon. Alle som vart trekte ut til anten hovudutvalet eller tilleggsutvalet fekk tilsendt eit postalt spørjeskjema om helse. Intervjua vart i hovudsak gjennomført i perioden 7. september til 27. november 1998. Enkelte vart også intervju etter denne perioden.

Grundigare dokumentasjon av tverrsnittundersøkingane finn ein på Internett på følgjande adresser: "Samordnet levekårsundersøkelse 1996 - tverrsnittundersøkelsen. Dokumentasjonsrapport": http://www.ssb.no/emner/00/02/notat_9663/notat_9663.pdf

"Samordnet levekårsundersøkelse 1997 - tverrsnittundersøkelsen. Dokumentasjonsrapport": http://www.ssb.no/emner/00/02/notat_9834/notat_9834.pdf

"Samordnet levekårsundersøkelse 1998 - tverrsnittundersøkelsen. Dokumentasjonsrapport": http://www.ssb.no/emner/00/02/notat_9940/notat_9940.pdf

Spørjeskjema for dei ulike undersøkingane vil ein også finne i dei nemnde dokumentasjonsrapportane.

3. Omgrep, kjennemerke og grupperingar

Alder

Personane er grupperte etter alder per 31. desember det året undersøkinga fann stad, med unnatak av panelundersøkinga 1997 der alder er rekna ved utgangen av 1996.

Familiefase

Dette kjennemerket grupperer den personen vi har intervju, i det vesentlege etter alder, samlivsstatus og om personen har born. I grupperinga vert det skilt mellom personar som lever i par og som er einslege. Gruppa i parforhold omfattar både gifte og sambuande. Gruppa einslege omfattar ugifte og før-gifte som ikkje er sambuande. Nemninga einsleg refererer altså til om personane lever i parforhold eller ikkje, og ikkje til om vedkommande bur åleine eller saman med andre i hushaldet. Gruppene med born omfattar personar som bur saman med eigne born (medrekna steborn og adoptivborn) i alderen 0-19 år.

Hushaldstype

Eit hushald omfattar alle personar som er fast busette på den faktiske adressa og som har felles kost. Personar som er registrerte på ei anna adresse enn der dei faktisk bur, til dømes ein del studentar, høyrer altså til hushaldet der dei faktisk bur, og ikkje der dei er registrerte busett. Hushalda er grupperte etter type på grunnlag av opplysningar om kva for personar dei omfattar medrekna personar som var mellombels fråverande og om alderen og slektskapsforholdet til personane. Som par vert rekna både formelt gifte og sambuande.

Landsdel

Personane er grupperte etter fast bustad. Landsdelane er delte inn etter følgjande fylke:

Oslo og Akershus: Oslo, Akershus
Austlandet elles: Østfold, Hedmark, Oppland, Buskerud, Vestfold, Telemark

Agder og

Rogaland: Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland
Vestlandet: Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal

Trøndelag: Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag
Nord-Noreg: Nordland, Troms, Finnmark

Bustadstrok

Personar er grupperte etter om dei ifølgje opplysningar frå intervjuaren bur i spreiddbygd eller i tettbygd strok. Dei tettbygde stroka er inndelte etter storleik. I instruksjonen til intervjuarane vart det presisert at til spreidd-

bygd strok vert rekna all spreidd busetjing, også husklynger med færre enn 200 busette. Vidare vart det presisert at tettstad er eit område med minst 200 busette der avstanden mellom husa normalt ikkje skal vera over 50 meter.

Sosioøkonomisk status

Denne grupperinga skil mellom yrkesaktive og ikkje-yrkesaktive. Yrkesaktive er personar som på intervju-tidspunktet har ei vanleg arbeidstid på minst 10 timar per veke, uansett alder. Pensjonistar er ikkje-yrkesaktive som i intervjuåret mottok alders-, uføre- eller etterlatepensjon. Til gruppa av pensjonistar reknar ein også med arbeidsledige som har vore ledige heile siste tremånadsperiode. Skuleelevar og studentar er ikkje-yrkesaktive som gjekk på skule/studerte på intervjutidspunktet. Gruppa omfattar også personar som var inne til førstegongsteneste eller sivilteneste. Heimearbeidande er ikkje-yrkesaktive som utfører minst 10 timar husarbeid i veka. Unnateke er pensjonistar og skuleelevar/studentar.

Den sosioøkonomiske grupperinga deler yrkesaktive i tilsette og sjølvstendige. Familiearbeidskraft vert rekna som sjølvstendige. Gruppa Gardbrukarar og fiskarar er definert på grunnlag av tresifra yrkeskode etter den gamle standard for yrkesgruppering i offentleg norsk statistikk (Nordisk Yrkesklassifisering (NYK)). Den nye standarden vart teken i bruk i 1999, og vil såleis først verta nytta ved neste levekårsundersøking. Også fiskarar som er tilsette inngår i denne gruppa. Gruppa Andre sjølvstendige består av sjølvstendige som verken er gardbrukarar, fiskarar eller personar i frie yrke.

Grupperinga av yrkesaktive tilsette skjer også på grunnlag av tresifra yrkeskodar. Yrka er delte i arbeid- og funksjonæryrke. Yrka er vidare delte etter gjennomsnittleg utdanningsnivå for personar med desse yrka. For kvar yrkesgruppe er gjennomsnittleg utdanningsnivå og fordelinga på utdanningsnivå rekna ut på grunnlag av folketeljinga 1970. På dette grunnlaget er yrka plasserte i fire utdanningsgrupper. Yrka innanfor kvar utdanningsgruppe er vidare delte etter om yrket er prega av oppgåver knytt til leiing.

Ufaglærte arbeidarar omfattar arbeidaryrke i lågaste utdanningsgruppe utan oppgåver knytt til leiing. Faglærte arbeidarar omfattar dei andre arbeidaryrka. Funksjonærar på lågare nivå omfattar funksjonæryrke i lågaste utdanningsgruppe utan oppgåver knytt til leiing. Funksjonærar på høgare nivå omfattar funksjonæryrke i høgaste utdanningsgruppe, og funksjonær yrke i nest høgaste utdanningsgruppe med oppgåver knytt til leiing. Gruppa funksjonærar på høgare nivå omfattar også dei såkalla frie yrka. Dette er sjølvstendige i yrke som er plasserte i høgaste utdanningsgruppe. Inndelinga er skildra i Standard for inndeling etter sosioøkonomisk status (Standard for norsk statistikk nr. 5).

Yrkesgruppe

Inndelinga etter yrke er gjort etter den gamle standard for yrkesklassifisering (Nordisk Yrkesklassifisering), utarbeidd i 1965. Yrkeskatalogen som klassifiseringa støttar seg til vart revidert ved Folke- og bustadteljinga i 1980. Klassifiseringa er basert på ISCO-58.

Næringsgruppe

Næringsgruppene er utarbeidd etter Standard for næringsgruppering (SN94). Denne er basert på EUs standard NACE Rev. 1 (Nomenclature générale des Activités économiques dans les Communautés Européennes) og FNs standard ISIC Rev. 3 (International Standard Industrial Classification of all Economic Activities) (Sjå NOS C182).

4. Feilkjelder og uvisse

4.1 Innsamlings- og handsamlingsfeil

I alle undersøkingar, både totale teljingar og utvalsundersøkingar, vil det finnast svar som er feil. Feila kan oppstå både i samband med innsamlinga og under omarbeiding. Erfaring syner at etter at ein har retta opp feil så langt det er råd, så vert dei statistiske resultatane frå undersøkingane i dei fleste tilfelle lite påverka av feil. Likevel kan ein ikkje sjå bort i frå at verknaden av feil i nokre tilfelle kan spela ei rolle.

Størsteparten av datainnsamlinga til desse undersøkingane gjekk føre seg ved hjelp av berbar datamaskin. CAI-undersøkingar (computer assisted interviewing) går føre seg på den måten at intervjuarane brukar berbare datamaskinar når dei dreg på besøk eller intervjuar over telefon. Dei les opp spørsmåla frå data-skjermen og registrerer svara direkte.

Ein viktig føremon med denne innsamlingsmetoden er at alle hoppa i spørjeskjemaet vert programmerte på førehand, og vi kan difor redusera faren for at intervjuarane stiller feil spørsmål til feil personar. Denne typen innsamlingsmetode gjer at komplisert skje-maoppbygging som hadde vore vanskeleg å gjennomføra med bruk av papirskjema, let seg gjennomføra utan store vanskar for intervjuarane. Samtidig ligg det ein fare i at hoppa vert programmerte på førehand. Eventuelle feil i programmeringa vert gjennomgåande.

Ein annan føremon med edb-assistert intervjuing er høva for å tilpassa ordlyden i spørsmåla avhengig av IO sin situasjon eller svar på tidlegare spørsmål. Typisk bruk av slike tilpassingar er at det riktige ordet vert ståande i formuleringa av spørsmåla i staden for at spørsmåla inneheld skråstrek (til dømes han/ho, er/var, ektefelle/sambuar). Dette gjev intervjusituasjonen eit meir personleg preg.

Edb-assistert intervjuing gjev også høve for direkte kontroll av svarkonsistensen mellom ulike spørsmål.

For kvart spørsmål er det lagt inn grenser for gyldige verdiar. I tillegg er det bygd inn eit system for feilmelding dersom intervjuaren tastar inn svar som ikkje samsvarar med tidlegare svar. Slike kontrollar av svara er lagde inn på to nivå. Ein del feilmeldingar er absolutte, og kan ikkje verta overstyrte. Dette kan til dømes brukast ved aldersgrenser. Andre gonger vert det lagt inn varsel som intervjuarane kan velja å sjå bort i frå. Eit døme kan vera svært store eller små bustadareal, låneutgifter og husleige/fellesutgifter.

Alle desse sidene ved edb-assistert intervjuing fører til auka datakvalitet. Innsamlingsfeil som kjem av feilregistrering av intervjuaren vert langt mindre enn ved bruk av papirskjema. Ein unngår registrering av ugyldige verdiar, og ein oppnår redusert fråfall på enkeltspørsmål ved at sjansen for hoppfeil vert reduserte.

Feil under innsamlinga, målingsfeil, oppstår ved at intervjupersonen gjev opp feil svar eller ved at intervjuaren registrerer svaret feil eller skriv ufullstendige opplysningar i skjemaet. Omarbeidingsfeil er feil koding av til dømes næring, yrke eller diagnose, feil i avleiingar (omkodningar) eller feil som oppstår når opplysningane frå spørjeskjemaet i ei postundersøking vert overførte til medium som kan lesast maskinelt. Gjennom manuelle og maskinelle kontrollar har ein søkt å finna feil og retta desse opp. Det er likevel klart at ikkje alle målings- og omarbeidingsfeila vert oppdaga.

Målefeil kan oppstå på mange ulike måtar. Ei årsak kan vera at IO har vanskar med å hugse forhold tilbake i tida. Når ein stiller spørsmål om fritidsaktivitetar i dei siste 12 månadene, må ein til dømes rekne med at IO ikkje klarar å oppgje nøyaktig talet på kinobesøk. Slike feil som går på minne til IO kan også oppstå når ein spør om samansette forhold. Når ein til dømes spør om langvarige sjukdomar personen har eller om medlem-

skap i organisasjonar, syner erfaring at folk lett glemmer enkelte sjukdomar eller medlemskap.

Målefeil kan også kome av mistydingar av spørsmål. Når ein spør om forhold som folk vanlegvis oppfattar som kompliserte, til dømes når ein spør om mottak av ulike stønader og trygdeytningar, må ein rekne med å få ein del feilaktige svar.

Til slutt kan målefeil oppstå fordi visse spørsmål av enkelte kan verta oppfatta som brysame. Dei som svarar kan i slike tilfelle bevisst gje feilaktige svar, eller dei vurderingane som ligg til grunn for svaret vert påverka av kva dei oppfattar som sosialt ønskjeleg. Slike feil kan ein til dømes tenkja seg i samband med spørsmål om psykisk helse, om vald og om alkoholbruk. I undersøkingar om slike sensitive tema kan det ha ein positiv effekt å nytta postale skjema for slike spørsmål. I 1998-undersøkinga vart det nytta postalt spørjeskjema om spørsmål knytte til psykisk helse og alkoholbruk.

4.2 Utvalsvarians

Fordi resultatene byggjer på opplysningar om eit utval av den folkesetnaden som undersøkinga dekkjer, er det knytt ei bestemt uvisse til dei. Denne uvisse vert kalla utvalsvarians. Sidan utvalet er trekt etter reglar for tilfeldig utval, er det mogleg å berekna kor stor ein ventar at utvalsvariansen vil bli.

Standardavviket er eit mykje brukt mål på denne uvisse. Storleiken på dette standardavviket er avhengig av talet på observasjonar i utvalet, måten utvalet er trekt på og av fordelinga til det aktuelle kjennemerke i folkesetnaden. Vi kjenner ikkje fordelinga i folkesetnaden, men det er mogleg å vurdere standardavviket ved hjelp av observasjonane i utvalet.

Tabell 1. Forventa standardavvik for observerte prosentdelar ved ulike utvalsstorleikar

Tal på observasjonar	5/95	10/90	20/80	30/70	40/60	50/50
25	5,4	7,5	10,0	11,5	12,2	12,5
50	3,8	5,2	7,0	8,0	8,6	8,7
100.....	2,7	3,7	4,9	5,6	6,0	6,2
200.....	1,9	2,6	3,5	4,0	4,3	4,3
300.....	1,5	2,1	2,8	3,2	3,5	3,5
500.....	1,2	1,6	2,2	2,5	2,7	2,7
1 000	0,8	1,2	1,5	1,8	1,9	1,9
1 200	0,8	1,1	1,4	1,6	1,7	1,8
1 500	0,7	0,9	1,3	1,4	1,5	1,6
2 000	0,6	0,8	1,1	1,3	1,3	1,4
2 500	0,5	0,7	1,0	1,1	1,2	1,2
3 000	0,5	0,7	0,9	1,0	1,1	1,1
4 000	0,4	0,6	0,8	0,9	0,9	1,0

Det er ikkje gjort egne utrekningar av standardavviket for kjennemerke i denne undersøkinga, men tabell 1 viser eit overslag for storleiken på standardavviket for observerte prosentdelar ved ulike storleikar på utvalet. Standardavviket er utrekna på grunnlag av tilnæringsformelen

$$1.5 \cdot \frac{\sqrt{p(100-p)}}{n}$$

der p viser til prosenttalet i tabellen og n viser til talet på observasjonar som prosenttalet er utrekna på grunnlag av.

Ved hjelp av standardavviket er det mogleg å rekna ut eit intervall som med eit bestemt sannsyn inneheld den sanne verdien av ein utrekna storleik, dvs. den verdien me ville ha fått viss vi hadde gjennomført ei total teljing. Slike intervall vert kalla konfidensintervall dersom dei er konstruerte på ein spesiell måte. I denne samanhengen kan vi bruka følgjande metode: la M vera det utrekna prosenttalet og la S vera eit overslag for standardavviket til M . Konfidensintervallet vert då intervallet frå $(M - 2 \cdot S)$ til $(M + 2 \cdot S)$. Dette intervallet vil med omtrent 95 prosent sannsyn innehalda den sanne verdien.

Følgjande døme illustrerer korleis ein kan nytta tabell 1 til å finna konfidensintervall. Overslaget på standardavviket til eit observert prosenttal på 70 er 2,5 når talet observasjonar (personar) er 500. Konfidensintervallet for den sanne verdien får grensene $70 \pm 2 \cdot 2,5$. Det vil seia at intervallet som strekkjer seg frå 65 til 75 prosent med 95 prosent sannsyn inneheld den talstorleiken vi ville ha fått dersom heile folkesetnaden hadde vore med i undersøkinga.

Av tabellen går det fram at uvisse aukar når talet på observasjonar minkar og når prosenttalet nærmar seg 50.

I praksis vil ein ikkje nøye seg med å sjå på eitt og eitt prosenttal frå undersøkinga, men samanlikna tal for ulike grupper. Det er då viktig å vera merksam på at når ein samanliknar to usikre tal, vil uvisse på forskjellen mellom desse tala vanlegvis vera større enn uvisse på kvart av tala. Særleg viss forskjellen mellom to prosenttal er liten og dei to tala er utrekna på grunnlag av få observasjonar, kan konfidensintervallet for forskjellen ha slike yttergrenser at prosentforskjellen ikkje kan seiast å vera ulik 0.

Med utgangspunkt i føremålet å skildra ulikskapar i levekår mellom grupper er det éin konsekvens det kan vera grunn til å peika på her. Ein monaleg del av dei mål på levekår som vert nytta i denne publikasjonen gjeld for forholdsvis sjeldne fenomen. Når ein samanliknar førekomsten av slike fenomen i ulike

grupper, vil ein i mange tilfelle ikkje kunne utelukke at ulikskapane kjem av utvalsvarians. Dei relative ulikskapane mellom grupper for slike forholdsvis sjeldne fenomen kan likevel vera store. Sjølv om det i mange samanhengar vil vera dei relative ulikskapane ein vil vera interessert i, fører utvalsmetoden med seg at ein må ha svært store utval for å unngå at dei relative uliksskapane "drukna i utvalsvarians". Det kan vera verdt å merka seg at utvalsvariansen til forskjellar mellom tal for to ulike grupper er større enn utvalsvariansen til enkelttala. Standardavviket til ein forskjell mellom tal for to ulike grupper er lik kvadratrotta av summen av kvadrata av standardavvik til enkelttala.

For å gje eit døme, viser tal frå tabellane 1 og 2 at 11 prosent av kvinner i alderen 16-24 år og 19 prosent av menn i same aldersgruppe arbeider med hendene løfta mesteparten av tida. Av tabell 1 ser ein at standardavvika til desse prosenttala er om lag 1,5 (257 personar) og 2,6 (250 personar). Eit overslag for standardavviket til prosentforskjellen, 11 prosent, vert då $\sqrt{1,5^2 + 2,6^2} = 3$.

Når ein har overslag for standardavviket til forskjellen, kan ein laga eit konfidensintervall for den sanne verdien på same måte som skildra ovafor. Denne regelen kan ein nytta dersom ein på førehand har bestemt seg for å undersøke ein bestemt forskjell i ein tabell. Viss ein derimot leiter rundt i tabellen etter bestemte observerte forskjellar, og vil vurdere desse, må ein nytte andre metodar som gjev betre konfidensintervall (dette har samheng med det store talet på forskjellar som ein kan tenkje seg å undersøke i ein tabell). Dersom eit utrekna konfidensintervall ikkje omfattar 0, kan ein rekna det som sannsynleg at det er forskjellar mellom dei sanne verdiane for dei to gruppene. I dømet ovafor vert konfidensintervallet for prosentforskjellen på 10 prosentpoeng mellom 7 og 13 prosent. Vi kan difor utelukke at denne prosentforskjellen kjem av utvalsvarians.

4.3 Skeivskapen i utvalet og fråfall

Fråfall kan føra til at utvalet vart skeivt. Dersom omfanget av fråfallet i ulike grupper er svært forskjellig, vil dette føre til at nettoutvalet (personar som ein har oppnådd intervju med) ikkje har dei same fordelingane som bruttoutvalet (personar som ein har oppsøkt for intervju). Måling av skeiv fordeling er knytt til enkelte kjennemerke, slik som kjønn, alder og geografisk tilhøyrse. Dersom fråfallet ikkje har ført til skeiv fordeling på eit bestemt kjennemerke, kan ein ikkje utelukke verknader på andre kjennemerke. Omvendt fører skeiv fordeling på eit kjennemerke ikkje nødvendigvis med seg at andre kjennemerke har ei skeiv fordeling i forhold til bruttoutvalet eller populasjonen.

Tabell 2. Bruttoutval, fråfall, nettoutval og befolkning, etter kjønn og alder. Levekårsundersøkingane 1996-1998. Prosent

	Talet på personar	Begge kjønn	Menn					Kvinner						
			16-	25-	45-	67-	80 år	16-	25-	45-	67-	80 år		
			I alt	24 år	44 år	66 år	79 år	og over	I alt	24 år	44 år	66 år	79 år	og over
1996- tverrsnitt														
Bruttoutval, prosent.....	4 870	100	49,7	8,0	20,1	14,6	5,5	1,4	50,3	7,2	19,3	14,4	6,3	3,2
Fråfall, prosent	1 518	100	50,1	6,4	21,5	15,3	5,0	1,9	49,9	5,6	16,1	14,9	8,6	4,6
Nettoutval, prosent.....	3 352	100	49,4	8,8	19,4	14,3	5,8	1,2	50,6	7,9	20,7	14,2	5,2	2,5
Befolkning per 1.1.1997, prosent		100	49,0	7,6	19,2	14,9	5,6	1,7	51,0	7,3	18,4	14,7	7,1	3,5
1997-panel														
Bruttoutval, prosent.....	4 911	100	49,1	8,0	19,9	15,8	5,3	0,0	50,9	7,0	20,0	16,6	7,2	0,0
Fråfall, prosent	1 021	100	50,6	7,1	19,0	17,8	6,7	0,1	49,4	4,5	15,1	18,7	10,7	0,2
Nettoutval, prosent.....	3 890	100	48,7	8,3	20,1	15,2	5,0	0,0	51,3	7,6	21,3	16,0	6,3	0,0
Befolkning per 1.1.1997, prosent		100	49,0	7,6	19,2	14,9	5,6	1,7	51,0	7,3	18,4	14,7	7,1	3,5
1997-tverrsnitt														
Bruttoutval, prosent.....	4 880	100	49,6	7,5	19,2	15,6	5,6	1,6	50,4	7,2	18,3	15,5	6,7	2,8
Fråfall, prosent	1 517	100	50,1	7,1	19,1	15,9	5,7	2,3	49,9	5,9	12,9	16,2	9,8	5,0
Nettoutval, prosent.....	3 363	100	49,3	7,7	19,3	15,4	5,6	1,3	50,7	7,8	20,7	15,2	5,3	1,8
Befolkning per 1.1.1998, prosent		100	49,0	7,4	19,2	15,1	5,5	1,7	51,0	7,1	18,5	14,9	7,0	3,5
1998- tverrsnitt														
Bruttoutval, prosent	4 871	100	49,0	6,8	19,5	15,5	5,4	1,8	51,0	6,6	19,4	15,2	6,5	6,5
Fråfall, prosent	1 422	100	50,5	7,0	19,1	15,3	6,3	2,7	49,5	6,4	16,2	13,9	7,7	5,3
Nettoutval, prosent.....	3 449	100	48,4	6,8	19,6	15,6	5,0	1,4	51,6	6,7	20,7	15,8	6,0	2,4
Befolkning per 1.1.1999, prosent		100	49,0	7,2	19,2	15,3	5,4	1,8	51,0	7,0	18,5	15,1	6,9	3,6

I vurderinga av skeivskapen i utvalet bør ein knyte større merksemd til avvika mellom nettoutvalet og bruttoutvalet enn mellom bruttoutvalet og populasjonen. Avvika mellom bruttoutvalet og populasjonen kjem av slump i trekkinga, og ein kan forvente at dei personane som vert trekte i kvar befolkningsgruppe ikkje skil seg systematisk frå dei som ikkje vert trekte ut. Dersom ein ønskjer å gje eit tverrsnitt av det norske folk, vil dei gruppene som er underrepresenterte i bruttoutvalet vege for lite, men innafor kvar gruppe vil personane som er trekte ut vera representative for si gruppe. I samanlikningar mellom nettoutvalet og bruttoutvalet har ein i tillegg ein risiko for at dei personane i ei befolkningsgruppe som faktisk har delteke (nettoutvalet), skil seg systematisk frå dei personane som ikkje har delteke (fråfallet).

Den vanlegaste årsaka til fråfall er at respondenten ikkje ønskjer å delta i undersøkinga.

Tabellane 2 og 3 viser korleis kjennemerka kjønn, alder og landsdel er fordelte i populasjonen, bruttoutvalet, fråfallet og nettoutvalet.

Dersom vi ser på 1996-undersøkinga er utvalet litt skeivt i forhold til kjønn og alder. Blant menn er aldersgruppa 16-24 noko overrepresentert i nettoutvalet, elles er det små forskjellar blant menn i nettoutvalet og populasjonen. Her verkar effektane av utvalstrekkinga og av fråfallet i same retning, og dette fører til at utvalet blir litt skeivt. I nettoutvalet er det ein viss overrepresentasjon av kvinner 25-44 år, medan kvinner over 66 er underrepresentert i nettoutvalet. Forskjellen mellom nettoutvalet og populasjonen for denne aldersgruppa er på 1,1 prosent. Fordelt på landsdel er det lågast oppslutning om undersøkinga i austlandsregionane, noko som fører til ein svak underrepresentasjon av desse områda. Resten av landet er svakt overrepresentert i nettoutvalet.

I panelundersøkinga 1997 er det for menn små avvik mellom bruttoutvalet og nettoutvalet. Størst avvik finn vi i aldersgruppa 45-66 år der forskjellen er på 0,6 prosent. Blant kvinnene er det derimot ein større forskjell. Aldersgruppene 16-24 år og 25-44 år er overrepresenterte og aldersgruppene 45-66 år og

Tabell 3. Bruttoutval, fråfall, nettoutval og befolkning etter landsdel, levekårsundersøkingane 1996-1998. Prosent

	Talet på personar	Totalt	Landsdel					
			Oslo og Akershus	Austlandet elles	Agder og Rogaland	Vestlandet	Trøndelag	Nord-Noreg
1996- tverr snitt								
Bruttoutval, prosent	4 870	100	22,4	27,7	13,2	17,4	9,0	10,2
Fråfall, prosent.....	1 518	100	25,6	29,0	11,6	15,8	8,3	9,7
Nettoutval, prosent	3 352	100	21,0	27,1	14,0	18,1	9,3	10,4
Befolkning per 1.1.1997, prosent		100	21,7	28,0	13,6	17,5	8,7	10,6
1997-panel								
Bruttoutval, prosent	4 911	100	22,9	27,4	13,3	17,3	8,7	10,3
Fråfall, prosent.....	1 021	100	24,4	28,9	11,4	15,7	8,0	11,7
Nettoutval, prosent	3 890	100	22,5	27,1	13,8	17,8	8,9	10,0
Befolkning per 1.1.1997, prosent		100	21,7	28,0	13,6	17,5	8,7	10,6
1997- tverr snitt								
Bruttoutval, prosent	4 880	100	22,9	27,6	13,1	17,4	8,9	10,1
Fråfall, prosent.....	1 517	100	25,0	29,3	11,3	17,0	6,3	11,1
Nettoutval, prosent	3 363	100	21,9	26,8	13,9	17,6	10,1	9,7
Befolkning per 1.1.1998, prosent		100	21,6	27,6	14,0	17,6	8,7	10,5
1998-tverr snitt								
Bruttoutval, prosent	4 871	100	22,9	27,6	13,1	17,4	8,9	10,1
Fråfall, prosent.....	1 422	100	25,0	29,3	11,3	17,0	6,3	11,0
Nettoutval, prosent	3 449	100	21,9	26,8	13,9	17,6	10,1	9,7
Befolkning per 1.1.1999, prosent		100	22,0	28,0	13,6	17,4	8,7	10,3

67-79 år er underrepresenterte. Det største avviket er for kvinner i aldersgruppa 25-44 år, på 1,3 prosent. For landsdelar er det små avvik. Agder og Rogaland, Vestlandet og Trøndelag er noko overrepresenterte, medan dei andre landsdelane er svakt underrepresenterte.

I 1997-undersøkinga er det i hovudutvalet blant menn svært lite skeivt, medan det blant kvinner er ein svak overrepresentasjon i aldersgruppa 25-44 år. Samstundes er kvinner over 66 år noko underrepresentert i nettoutvalet. Når det gjeld landsdelar, er Trøndelag noko overrepresentert i nettoutvalet samanlikna med populasjonen, medan Austlandet (utanom Oslo og Akershus) og Nord-Noreg er svakt underrepresentert.

Også i 1998-undersøkinga var hovudutvalet blant menn lite skeivt, medan det blant kvinner er ein svak overrepresentasjon i aldersgruppa 25-44 år. Også her er kvinner over 66 år noko underrepresentert. Geografisk var det ein svak overrepresentasjon for Trøndelag, medan Austlandet (utanom Oslo og Akershus) og Nord-Noreg er svakt underrepresentert.

For å korrigere for at fråfallet skaper et skeivt utval, vert tala vekta. Referanse for vektinga er bruttoutvalet. Følgjande kjennemerke vert nytta i vektinga:

kjønn, alder, utdanning, familiestorleik og kommunestorleik.

5. Bruk av tabellane

Tabellane i denne publikasjonen er ordna i 13 kapitler etter tema. Kvart kapittel inneheld hovudsakleg tabellar med fordelingar etter bakgrunnskjennermerke som kjønn, alder, familiefase, sosioøkonomisk status og landsdel. For tabellane frå undersøkinga om levekår 1996 om arbeidsmiljø vert også yrkes- og næringsgrupper brukte som bakgrunnskjennermerke.

Som det går fram av skildringa av formålet med publikasjonen er hovudmålet med tabellane å gjera det mogleg å få ei oversikt over hovudtrekka i ulike sider ved levekåra for ein del grupper av folkesetnaden. Det skal også vera mogleg å samanlikna levekåra for ulike grupper.

I tabellane vert levekåra til ulike grupper samanlikna utan å gjera noko forsøk på å ta omsyn til at samansetninga av gruppene med omsyn til kjønn, alder, osv. er viktig for forskjellar i levekår mellom gruppene. Forskjellig samansetning av ulike sosioøkonomiske grupper etter til dømes kjønn og alder vil i seg sjølv føre med seg ulikskapar i helse

sjølv føre med seg ulikskapar i helse mellom desse gruppene. Det er fordelingsresultatet som har vore utgangspunktet for samanlikningar av levekåra mellom gruppene.

Ved utrekningar av tala i tabellane, til dømes prosentdelar, har ein halde dei personane der ein manglar opplysningar for eitt eller fleire kjennemerke som inngår utafor utrekninga. Tala for personar som svarte omfattar likevel også personar som ein manglar opplysningar for.

Dersom ei persongruppe vert utgjort av færre enn 25 personar, er det ikkje gjeve resultat for denne gruppa i tabellane.

Alle prosenttala er runda av etter vanlege reglar. Summen av tala for alle moglege verdiar av ein variabel vil difor ikkje alltid vera lik det oppgjevne totaltalet.

6. Meir informasjon

6.1 Annan statistikk

Det har vorte publisert ulike publikasjonar i samband med tal frå levekårsundersøkingane 1996-1998. Dei før nemnde dokumentasjonsrapportane for kvar undersøking er tilgjengelege på Internett:

"Samordnet levekårsundersøkelse 1996 - tverrsnittsundersøkelsen. Dokumentasjonsrapport":
http://www.ssb.no/emner/00/02/notat_9663/notat_9663.pdf

"Samordnet levekårsundersøkelse 1997 - tverrsnittsundersøkelsen. Dokumentasjonsrapport":
http://www.ssb.no/emner/00/02/notat_9834/notat_9834.pdf

"Samordnet levekårsundersøkelse 1998 - tverrsnittsundersøkelsen. Dokumentasjonsrapport":
http://www.ssb.no/emner/00/02/notat_9940/notat_9940.pdf

Vidare er det publisert følgjande artiklar i Samfunnsspeilet:

Andresen, Øivind (1998): Arbeidsmiljø: Flere tidsfrister, rutiner og krav. *Samfunnsspeilet 2, 1998.*

Andersen, Arne (1998): Levekårsundersøkelsene i ny drakt. *Samfunnsspeilet 2, 1998.*

Andersen, Arne (1998): Unge på boligmarkedet: Etablerer seg senere, men ikke dårligere. *Samfunnsspeilet 4, 1998.*

Flugsrud, Kjetil, Haakonsen, Gisle og Zhang, Li-Chun (1998): Støy og forurensing i Oslo: Vi kan stole på hva folk sier om støy og støv. *Samfunnsspeilet 5, 1998.*

Vaage, Odd Frank (1998): Kulturbruk i storbyen og på småsteder: Opera og ballett mot revyer. *Samfunnsspeilet 6, 1998.*

Guldbrandsen, Ole (1999): Fremdeles få boliger egnet for bevegelseshemmede. *Samfunnsspeilet 2, 1999.*

Roll-Hansen, Dag (2001): Blir du sykere hvis du får tenkt deg om? *Samfunnsspeilet 4, 2001.*

Sosialt Utsyn 2000 inneheld også analysar av levekårsundersøkingane 1996-1998:

Sosialt Utsyn (2000), Statistiske analyser 35, Statistisk sentralbyrå.

På heimesidene til SSB finn ein også artiklar i samband med frigjeving av statistikk frå levekårsundersøkingane 1996-1998:

Ukens statistikk 8/1997: *Mange kvinner har fremdeles liten selvbestemmelse*

Ukens statistikk 47/1997: *fire av ti føler arbeidspress*

Ukens statistikk 7/1999: *Ett av fem voldstilfeller skjer i hjemmet*

Ukens statistikk 8/1999: *Halvparten av alle voksne mosjonerer regelmessig*

Ukens statistikk 9/1999: *Flere eier sin bolig*

Dagens statistikk 28. juli 1999: *En av åtte storbruker av legetjenester*

6.2 Spesialtingingar

I tillegg til tabellane som er publiserte i NOS Levekårsundersøkinga 1996-1998, er det mogleg å tinga fleire og meir detaljerte tabellar direkte frå Statistisk sentralbyrå. Tabellane kan leverast på papir (post eller telefaks) eller elektronisk (diskett eller e-post).

6.3 Internett

Tabellar og artiklar basert på Levekårsundersøkinga 1996-1998 vil du finna på SSB sine nettsider. Nettadressa er : <http://www.ssb.no/emner/00/02>. Også på følgjande adresser er det publisert tal frå levekårsundersøkingane: [../emner/03/01](http://www.ssb.no/emner/03/01), [../emner/05/03](http://www.ssb.no/emner/05/03), [../emner/06/02](http://www.ssb.no/emner/06/02), og [../emner/07/02](http://www.ssb.no/emner/07/02).

6.4 Kontakt i Statistisk sentralbyrå

For nærare informasjon om Levekårsundersøkinga 1996-1998, ta kontakt med Seksjon for levekårsstatistikk, telefon 21 09 00 00, telefaks 21 09 44 04 eller e-post ssb@ssb.no.

7. Fysisk arbeidsmiljø

Definisjonar

Syssette. Dette er personar som vanlegvis utfører ein time inntektsjevande arbeid eller meir per veke.

I stillingar eller med lyft som belastar ryggen. Dette er eit samlemål som inkluderer å arbeide framoverbøyd utan støtte, i andre stillingar som belastar ryggen og lyft i forkjærte stillingar.

Mesteparten av tida. Dette inkluderer svarkategoriene ca. halvparten av tida, ca. ¾ av tida og mest heile tida.

Utilfreds. Dette gjeld personer som svarer ganske eller svært utilfreds på spørsmål om ulike forhold.

1. Fysisk arbeidsmiljø, etter alder. Menn 16-66 år. Prosent

	Alle	16-24 år	25-44 år	45-66 år
Klimatisk arbeidsmiljø				
Prosentdel syssette som mesteparten av tida er utsett for				
sterk varme ¹	6	8	7	4
sterk kulde	11	16	13	6
trekk ¹	14	17	16	12
Ureina arbeidsmiljø				
Prosentdel syssette som mesteparten av tida er utsett for				
metall- eller mineralstøv ¹	10	13	12	8
organisk støv ¹	9	11	10	7
gass/damp ¹	6	8	6	6
hudirriterande stoff ²	6	8	5	6
Innemiljø				
Prosentdel syssette som mesteparten av tida er utsett for				
tørr luft	18	11	21	14
dårlig belysning	9	8	11	5
passiv røyking ¹	8	12	9	6
Støy- og vibrasjonsbelastningar				
Prosentdel syssette som mesteparten av tida er utsett for				
sterk støy ¹	11	17	10	10
vibrasjonar ¹	9	12	10	7
Ergonomisk arbeidsmiljø				
Prosentdel syssette som mesteparten av tida arbeider				
så hardt at dei må puste raskare	14	18	16	9
